

NTE ENERGI AS  
Postboks 2552  
7736 STEINKJER

Vår dato: 14.01.2021  
Vår ref.: 201200009-42  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## NTE Energi AS - Utsett frist for idriftsetting av nye Vikna vindkraftverk i Nærøysund kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 06.11.2020 frå NTE Energi AS (NTE) om utsett frist for idriftsetting av nye Vikna vindkraftverk i Nærøysund kommune, Trøndelag fylke, frå 31.12.2020 til 31.12.2021.

### NVEs vedtak

**NVE gir NTE Energi AS utsett frist for idriftsetting av nye Vikna vindkraftverk frå 31.12.2020 til 31.12.2021.**

### Bakgrunn

Noverande anleggskonsesjon for nye Vikna vindkraftverk (9,0 MW) vart tildelt NTE den 03.07.2014. I det første konsesjonsvilkåret er det satt frist om idriftsetting av anlegget innan 31.12.2020. NTE har tidlegare søkt NVE og fått avslag om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2024. NTE søker nå om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021.

Nye Vikna vindkraftverk skal etter planen gjenbruka planområdet til tidlegare Husfjellet vindkraftverk. Dei fem turbinane på Husfjellet vindkraftverk vart demontert og fjerna i 2015. I Nærøysund kommune er det per i dag to vindkraftverk i drift, Ytre Vikna trinn I (39,1 MW) og Hundhammerfjellet (55,5 MW).

I søknaden om utsett frist for idriftsetting av 06.11.2020 skriv NTE at dei søker om utsett frist for idriftsetting med eit år for å kunne realisera konsesjonen. Dei viser til at ei utsetting fram til frå 31.12.2020 til 31.12.2021 vil vera i tråd med NVE sitt brev til konsesjonærar av 27.11.2019 og Stortingets vedtak av 19.06.2020.

### Høyring

Den 10.11.2020 sendte NVE søknaden på høyring til Nærøysund kommune, Fylkesmannen i Trøndelag, Trøndelag fylkeskommune, Tensio AS og Vestre Namdal / Åarjel-Njaarke reinbeitedistrikt. NVE bad vidare NTE om å orientera aktuelle grunneigarar, og eventuelt andre rettshavarar. Høyringsfristen var sett til 01.12.2020.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

#### Hovedkontor

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

#### Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

#### Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

#### Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

#### Region Vest

Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

#### Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Vi har mottatt høyringsssvar frå Nærøysund kommune, Fylkesmannen i Trøndelag, Trøndelag fylkeskommune, Naturvernforbundet i Trøndelag, Motvind og fleire privatpersonar. Totalt er det komen inn 19 høyringsssvar, av dei er fleirtalet mot ei utsett frist for idriftsetting. NVE sendte over høyringsinnspela til NTE for kommentar den 03.12.2020 og fekk svar 11.12.2020.

NVE har valt å samanstillast høyringsinnspela og NTE sine kommentarar etter tema.

#### *Lokale vedtak*

Nærøysund kommune har ingen innvendingar mot ei utsetting.

Trøndelag fylkeskommune går ikkje imot søknaden om utsett frist for idriftsetting og oppmodar NVE til å leggja avgjerande vekt på vertskommunen sin haldning til saken.

Fylkesmannen i Trøndelag har ingen merknadar til søknaden.

#### *Søknad sendt inn etter for seint*

Fleire høyringsinnspel viser til vilkår tre, andre ledd, i anleggskonsesjonen for nye Vikna vindkraftverk:

*«Konsesjonæren kan søke om forlengelse av fristen for ferdigstilling, bygging og idriftsettelse. Slik søknad skal sendes senest seks måneder før utløpet av fristen.»*

Dei meiner NTE med sin søknad av 06.11.2020 er for seint ut, sidan fristen for idriftsetting er 31.12.2020. Fleire meiner NVE ikkje burde handsama søknaden i det heile tatt.

NTE kommenterer at dei søkte om utsett frist for idriftsetting til 2024 hausten 2019. NVE avslo denne søknaden så seint som juli 2020, dermed var det ikkje mogleg å søka på nytt innan den fastsette fristen. NTE meiner fristoversittinga dermed ikkje er noko dei kan lastast for.

#### *Stram tidsplan*

Motvind Nærøysund meiner tidsplanen for handsaming av søknad om utsett frist for idriftsetting, MTA og detaljplan og bygging er svært tidsoptimistisk og at tida som er satt av er eit minimum.

#### *Avgrensa nettkapasitet*

Fleire høyringsinnspel meiner det ikkje er kapasitet til å ta imot den nye produksjonen frå vindkraftverket.

NTE kommenterer at produksjonen frå nye Vikna vindkraftverk er tenkt å levera til Dale transformatorstasjon som vart etablert i samband med Ytre Vikna trinn I. Installert effekt i Ytre Vikna I er 39 MW, medan ytinga i eksisterande transformator er på 42 MVA. NTE må derfor tilpassa produksjonen gitt kapasitetsavgrensinga i Dale, og vil såleis ikkje fortrenge anna fornybar energiproduksjon.

#### *Støy*

Fleire av høyringsinnspela er bekymra for støy frå vindkraftverket viss det blir realisert. Dei meiner vindkraftverket som sto der før støya for mykje.

Andre meiner støyen frå føregåande vindkraftverk ikkje var problematisk eller til sjenanse, men dei forutsett at dei nye turbinane held ein lågare støyprofil enn dei føregåande.

NTE kommenterer at dei i detaljplanlegginga vil søka ei løysing som oppfyller vilkåret om støy. Dei skriv vidare at å halda alle støyfølsame bygningar omkring konsesjonsområdet utafør gul støysone er utfordrande og at det truleg er aktuelt med avbøtande tiltak for enkelte støymottakarar. NTE skriv at dei legg til grunn at avbøtande tiltak må vera ein moglegheit for vindkraftverk slik det også er for andre støyande verksemdar.



### *Forstyrning på straumnett*

Fleire av høyringsinnspela viser til forstyrringa på straumnett som følge av lynnedslag i vindkraftverket.

### *Hubro og havørn*

Fleire meiner det er rart å bygga vindturbinar når det samtidig vert gitt tilskot til å bytta ut luftleidning med jordkabel for å forhindra elektrokusjon av hubro. Andre viser til at Vikna er eit leveområde for havørn.

Naturvernforbundet i Trøndelag viser til at det er gjort mange hubroobservasjonar i området dei seinare åra.

NTE kommenterer at havørn ikkje er ein raudlista art, og at erfaringar frå Smøla vindkraftverk tilseier at kollisjonar med vindturbinar ikkje har populasjonseffektar utanfor konsesjonsområde. Dei skriv vidare at det er kjente havørnreir i nærleiken av nye Vikna vindkraftverk, men ikkje i konsesjonsområdet.

NTE skriv vidare at NTE nyleg har igangsett eit undersøkingsprogram på Ytter-Vikna og deler av Mellom-Vikna for hubro. NTE legger til grunn at også nye Vikna vindkraftverk inngår i leveområdet til hubro, og at avbøtande eller kompensierende tiltak er aktuelle å diskutera i MTA/detaljplan

### *Vinterbeite*

Åarjel Njaarke sijte skriv i sitt høyringsinnspel at NVE må vektlegge reindriftas erfaringar og nyare forskning som viser at vindturbinar har betydelig større negativ effekt på reinens beitebruk enn tidligere antatt. Dei skriv vidare at utbygging av nye Vikna må sjåast i samanheng med ein eventuell konsesjonssøknad for Ytre Vikna II.

NTE viser til at Sametinget, Reindriftsforvaltinga og områdestyret ikkje hadde innvendingar til ei fornying av Vikna vindkraftverk då det vart konsesjonshandsama i 2014. Dei skriv også at reinbeitedistriktet ikkje kom med noko fråsegn den gangen. NTE meiner det må leggest betydeleg vekt på at det har vore eit vindkraftverk der sidan 1991, og at det er infrastruktur i form av vegar og kraftleidningar i området som i stor grad skal brukast att.

### *Manglande konsekvensutgreiing*

Fleire av høyringsinnspela viser til at konsekvensutgreiingane enten manglar eller er for dårlege.

NTE kommenterer at det ikkje var eit automatisk krav om konsekvensutgreiing av vindkraftverk under 10 MW i dåverande konsekvensutgreiingsforskrift. Det var NVE som skulle ta stilling til om tiltaket utløyste krav til konsekvensutgreiing. Dei skriv vidare at NVE vurderte dette i bakgrunn for vedtak av 03.07.2014 og kom fram til at tiltaket ikkje var utgreiingspliktig.

### *Andre tema*

Det blir vist til sumeffekten av fleire vindkraftverk og kraftleidningar langs Trøndelagskysten.

### **NVEs vurdering**

Innleiingsvis vil me visa til vårt brev av 27.11.2019 sendt til alle konsesjonærar, der me informerte om vår praksis ved handsaming av søknader om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk. I brevet kjem det fram at det har vært fast praksis i NVE å gi forlenging av fristen for idriftsetting til 31.12.2021, blant anna av omsyn til likebehandling. Ein søknad om utsett frist for idriftsetting må likevel handsamast individuelt for å vurdere dei konkrete forholda i kvar enkelt sak.

### *Frist for søknad*

Fleire høyringsinnspel viser til at søknad om utsett frist må sendast seinast seks månader før utløpet av fristen. Anleggskonsesjonen pkt. 3 annet ledd for nye Vikna vindkraftverk lyder:



*«Konsesjonæren kan søke om forlengelse av fristen for ferdigstillelse, bygging og idriftsettelse. Slik søknad skal sendes senest seks måneder før utløpet av fristen.»*

Begge setningane er ein del av dagens standardvilkår for vindkraftkonsesjonar. Den same formuleringa finst også i nokre småkraftkonsesjonar og anleggskonsesjonar for nettanlegg. NVE meiner det i seg sjølv ikkje er ein grunn til å avvisa eller avslå søknaden at konsesjonær har sendt inn søknad om fristforlenging mindre enn seks månader før utløpet av fristen.

Den konkrete fristen på seks månadar er satt av omsyn til ein forsvarleg sakshandsamingsprosess. For å sikra ei forsvarleg handsaming av søknad om fristforlenging, inkludert nødvendig høyring av søknaden, må NVE ha rimeleg tid til å handsama søknaden. I disse tilfella anser NVE seks månader å være tilstrekkelig behandlingstid. Dette har samband med forvaltningas utgreiingsplikt. Kor lang tid NVE treng på å handsama den konkrete søknaden, vil variere frå sak til sak.

Fristen på seks månadar skal forhindra situasjonar der fristen for idriftsetting går ut medan søknaden om fristforlenging framleis er til handsaming hjå NVE. Dette betyr at konsesjonær ikkje kan ha ei velgrunna forventning om at NVE får handsama søknaden om fristforlenging der søknaden kjem inn mindre enn seks månadar før utløpet av fristen

Konsesjonsvilkåret hindrar ikkje NVE frå å handsama ein søknad som kjem inn mindre enn seks månader før utløpet av fristen. NVE har som forvaltningsorgan ei plikt til å handsame søknader me får inn, blant anna søknadar om fristforlenging. Konsesjonsvilkåret kan ikkje innskrenka denneplikten. Forskjellen ligger i at konsesjonæren i slike tilfelle må bære risikoen for at fristen kan utløpa medan søknaden er til handsaming.

I denne konkrete saken høyrer det også med at NTE Energi allereie hausten 2019 søkte om utsett frist for idriftsetting, den gang til 31.12.2024. Sjølv om NVE avslå den konkrete søknaden, kan NVE støtta seg på den delen av saksutgreiinga som framleis er relevant. Dette har igjen hatt konsekvensar for kor lang tid NVE har trengt for ei forsvarleg utgreiing av saken.

Konsesjonsvilkår 3, tredje ledd fastsetter at NTEs konsesjon bortfaller dersom fristen for idriftsettelse ikke overholdes. NVE viser til at konsesjonær søkte om utsatt frist for idriftsettelse før fristen gikk ut, om enn mindre enn seks månader før utløpet av fristen, jf. vilkår 3 annet ledd. I denne konkrete saken er det interne forhold i NVE som har ført til at vedtaket ikke ble sendt ut innen 31.12.2020. NVE mener NTE ikke kan lastes for denne oversittelsen, og at dette ikke kan være til hinder for å gi utsatt frist for idriftsettelse.

#### *Nettkapasitet og verknader for miljø og samfunn*

Fleire av høyringsinnspela er meir relevante ved ei handsaming av ein MTA og detaljplan, der utbygginga blir konkretisert. Planane skal innehalde oppdaterte vurderingar om verknader for miljø og samfunn. NVE vil vurdere alle relevante tema når dei konkrete planane er sendt inn. Det gjeld blant anna reindrift, støy og hubro. Planane vil bli sendt på høyring.

NVE vil også visa til konsesjonsvilkår nummer åtte som set krav om ledig nettkapasitet før bygging av vindkraftverket kan settast i gang. Ein MTA og detaljplan skal innehalde vurderingar om det er tilstrekkeleg nettkapasitet til å ta imot den fulle produksjonen frå vindkraftverket og kvantifisera verknadane som moglege produksjonsavgrensingar kan ha for vindkraftverket. Vidare må NTE levera ein oppdatert framtidsplan som syner at det er mogleg å handsama ein MTA og detaljplan og bygga vindkraftverket innan 31.12.2021.

Innleiingsvis er det vist til at det har vore fast praksis i NVE å gi forlenging av utsett frist for idriftsetting til 31.12.2021. NVE legg til grunn at dersom det ikkje er andre særlege omsyn som tilseier at fristen



ikkje vert forlenga, så legg me betydeleg vekt på omsynet til ei harmonisering med fristen for deltaking i elsertifikatmarknaden og fast forvaltningspraksis.

Vi finn ikkje grunnlag for å avvike praksisen vår i denne saken. Søknaden av 06.11.2020 vil ikkje føra til endra verknadar for omgjevnadane anna enn at vindkraftverket kan ferdigstillast på eit seinare tidspunkt, og eit avslag ville ført til at vindkraftverket ikkje kunne realiserast. NVE konstaterer at grunneigarane stiller seg positive til ei utsett frist og at Nærøysund kommune, Fylkesmannen i Trøndelag og Trøndelag Fylkeskommune ikkje går imot ei utsetting.

På denne bakgrunn gir NVE i medhald av energiloven § 3-1, jf. § 10-4 annet ledd, NTE utsett frist for idriftsetting av nye Vikna vindkraftverk til 31.12.2021.

### **Klagerett og orientering**

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. NTE skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av NTEs orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Rune Flatby  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
Fungerande seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Einar Helmersen  
Fylkesmannen i Trøndelag  
GUNNAR HELLELAND  
HANNE LILLIAN HANSEN  
INGEBJØRG EIDSHAUG  
JAN MORTEN RØSSETH  
KNUT ROGER EIDSHAUG  
LARS KIRKEBY-GARSTAD  
LASSE STENBERG  
MADS KRISTIANSEN  
Naturvernforbundet i Trøndelag  
Nord-Trøndelag reinbeiteområde  
NÆRØYSUND KOMMUNE  
RAGNHILD EIDSHAUG  
STIG JOSTEIN EIDESMO  
STÅLE VALØ  
TOR MORTEN ROSENVINGE  
TORILL  
Trøndelag fylkeskommune



## Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er tre veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlighet. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

*Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*